
Vår referanse 2020/52534-2
Dato 12.06.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon fra områdeplan - Gnr 188 bnr 385 , 137 , 187 , 283 , 407 - Gjervik ytre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 19.05.2020.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav jf. § 2.1.1 for utbygging av felt BS7 og BS8 i områdeplan for Knarvik sentrum. Det er og søkt om dispensasjon frå arealføremål, då ein ynskjer å oppretthalde Lyngvegen gjennom området BS7 slik den går i dag.

Uttale:

Vi uttalar som samferdslemynde på fylkesveg. Innan for planområdet er det kommunale vegar, og tilkomst til området går i dag ut på E39 gjennom Knarvik. Tiltaket vedkjem difor i hovudsak Statens vegvesen som vegeigar og som sektormynde på trafikktryggleik. Planområdet tangerer likevel reguleringsplan for *Tunell på fylkesveg 57. Knarvik - Isdalsstø*. Det er og pågåande planarbeid for ny E39 på strekninga. Kva som blir vegsituasjon sikt er difor vanskeleg å føresjå.



Fig: Del av områdeplan for Knarvik sentrum (2015). Delområde BS7 og BS8 lengst til venstre i plankartet. Kvassnesvegen er vist forlenga mot sør, medan Lyngvegen har stengt tilkomst.

Områdeplan for Knarvik sentrum vart vedtatt i 2015 etter ein lang og grundig prosess. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei bymessig utbygging med bystruktur. Det overordna plangrepet er feltinndelingar med hovudkvartal, som skal vere lett å orientere seg i.

Til områdeplanen §2.1 er det satt føresegner med krav om detaljregulering før vidare utbygging for dei einskilde delområda. Forhold som ikkje er løyst gjennom områdeplanen skal løysast vidare i detaljregulering.

Eit føremål med områdeplanen har vore å løyse trafikale utfordringar i området for alle trafikantgrupper, og legge til rette for ein overordna gatestruktur som skal vere enkel og føreseieleg. Plankartet viser at Lyngvegen er stengt og at tilkomst går om Kvassnesvegen som er forlenga mot sør. Vi legg til grunn at løysingane som er valt er i samsvar med handbøkene og viser gode, trafikksikre løysingar. Tilkomst til overordna vegnett går om rundkøyring til E39, som er hovudtransportåre nordover og har høg årsdøgertrafikk. Vi seier oss samd i Statens vegvesen sine vurderingar at Lyngvegen kjem i dag tett på rundkøyring mot E39, og at dette skaper trafikale utfordringar.

Vi er samd med Alver kommune si vurdering at det ikkje bør gjevast dispensasjon frå plankrav, og at ei eventuell omlegging av vegsystemet må gjennomførast som ei reguleringsendring for å vurdere alle relevante forhold som gjeld trafikktryggleik og framkome.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift